

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og Tilskot til tiltak i beiteområde




Sunnfjord
kommune

Tiltaksstrategi 2024 - 2027

Framlegg 04.03.2024





Innhold

Del 1: Spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet (SMIL)

Spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet (SMIL) og Tilskot til tiltak i beiteområde	1
1. INNLEIING.....	5
2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING	5
3. MÅL OG UTFORDRINGAR.....	5
3.1 Mål med ordninga	5
3.2 Verdiar i Sunnfjord kommune sitt jordbrukslandskap.....	5
3.3 Viktige utfordringar	5
4. RETNINGSLINJER OG PRIORITERINGER	6
4.1 Vedtaksmynde	6
4.2 Aktuelle søkerar	6
4.3 Aktuelle tiltak	6
4.4 Prioriteringar.....	6
4.5 Søknad.....	6
4.6 Søknadsfrist	7
4.7 Tilskotssatsar av godkjend kostnadsoverslag.....	7
5. TILSKOTSTRONG	7
5.1 Bruk av midlar i perioden 2020 – 2023	7
5.2 Årleg tilskotstrong i perioden 2024 – 2027.....	7
Del 2: Tilskot til tiltak i beiteområde	8
2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING	9
3. MÅL OG UTFORDRINGAR.....	9
3.1 Mål med ordninga	9
3.2 Utmarksbeite i Sunnfjord kommune	9
3.3 Viktige utfordringar	9
4. RETNINGSLINJER OG PRIORITERINGER	9
4.1 Vedtaksmynde	9
4.2 Aktuelle søkerar	9
4.3 Aktuelle tiltak	10
4.4 Prioriteringar.....	10
4.5 Søknad.....	10
4.6 Søknadsfrist	10



4.7 Tilskotssatsar av godkjend kostnadsoverslag.....	11
5. TILSKOTSTRONG	11
5.1 Bruk av midlar 2021 - 2023	11
5.2 Årleg tilskotstrong i perioden 2024 – 2027	11

Del 2: Tilskot til tiltak i beiteområde

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og Tilskot til tiltak i beiteområde	1
1. INNLEIING.....	5
2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING	5
3. MÅL OG UTFORDRINGAR.....	5
3.1 Mål med ordninga	5
3.2 Verdiar i Sunnfjord kommune sitt jordbrukslandskap.....	5
3.3 Viktige utfordringar.....	5
4. RETNINGSLINJER OG PRIORITYRINGER	6
4.1 Vedtaksmynde	6
4.2 Aktuelle søkerar	6
4.3 Aktuelle tiltak	6
4.4 Priorityringer.....	6
4.5 Søknad.....	6
4.6 Søknadsfrist	7
4.7 Tilskotssatsar av godkjend kostnadsoverslag.....	7
5. TILSKOTSTRONG	7
5.1 Bruk av midlar i perioden 2020 – 2023	7
5.2 Årleg tilskotstrong i perioden 2024 – 2027	7
Del 2: Tilskot til tiltak i beiteområde	8
2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING	9
3. MÅL OG UTFORDRINGAR.....	9
3.1 Mål med ordninga	9
3.2 Utmarksbeite i Sunnfjord kommune	9
3.3 Viktige utfordringar	9
4. RETNINGSLINJER OG PRIORITYRINGER	9
4.1 Vedtaksmynde	9
4.2 Aktuelle søkerar	9



4.3 Aktuelle tiltak	10
4.4 Prioriteringar	10
4.5 Søknad	10
4.6 Søknadsfrist	10
4.7 Tilskotssatsar av godkjend kostnadsoverslag	11
5. TILSKOTSTRONG	11
5.1 Bruk av midlar 2021 - 2023	11
5.2 Årleg tilskotstrong i perioden 2024 – 2027	11

Del 1: Spesielle miljøtilskot i jordbruksplanen (SMIL)

1. INNLEIING

Kommunen har avgjerdsmynde i forvaltning av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruksplanen (SMIL). Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i [forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruksplanen](#). Alle kommunar skal ha ein fleirårig tiltaksstrategi for prioritering av SMIL midlar. Den skal gje informasjon til Statsforvaltaren når det gjeld fordeling av rammer, men skal også vere eit nytig hjelpemiddel for søker og kommunen si sakshandsaming. I praksis skal tiltaksstrategien fungere som overordna retningslinjer i forvaltning av SMIL midlane.

2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING

For å styrke det lokale sjølvstyre har lokallaga av Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaget delteke i arbeidet med å utforme planen. Statsforvaltaren i Vestland har fått hove til å uttale seg utan avgjerande merknader.

3. MÅL OG UTFORDRINGER

3.1 Mål med ordninga

Formålet med tilskotsordninga er å fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbruksplanen sitt kulturlandskap, og redusere ureining frå landbruket. Normalt blir tilskot løyvd til tiltak som går utover det som kan forventast av vanleg jordbruksdrift på ein landbrukseigedom.

3.2 Verdiar i Sunnfjord kommune sitt jordbrukslandskap

Sunnfjord kommune med si langstrakte form inneholder varierte naturtypar med fjordane i vest til breen i aust. Klimaet har klart oseaniske trekk med høg årsnedbør og nokså milde vintrar. Jordbruksplanen sette preg på området, og representerer natur og kulturhistoriske verdiar som er eit resultat av allsidig matvareproduksjon over lang tid, gjerne fleire tusen år. Dei største kulturlandskapsverdiane er gjerne knytt til tungdrivne småbruk der dei disponibele naturressursane over tid, er godt utnytta på ein berekraftig måte. Slåtte- og beitemark, bygningar og tun, gjerder og vegar, bekkar og vassdrag, skapar eit variert og særprega landskap som er viktig for tilhøyrslle, tradisjon, verdiskaping og biologisk mangfald.

3.3 Viktige utfordringar

- Attgroing av viktig kulturmark og areal med høgt biologisk mangfald
- Tap av levedyktige bestandar av pollinerande insekt
- Etablering av framande skadelege artar
- Forfall av verneverdige bygningsmassar og kulturminne
- Tap av stiar og ferdsselsvegar i kulturlandskapet
- Ureining av vassmiljøet
- Klimatilpassing i jordbruksplanen
- Utslepp av klimagassar
- Høvelege rammevilkår for eit aktivt landbruk tufta på berekraftig drift
- Jordvern

4. RETNINGSLINJER OG PRIORITERINGAR

4.1 Vedtaksmynne

Den administrative fullmakta er delegert til einingsleiar for landbruk og miljø. Åleg rapportering til utvalet for næring og miljø.

4.2 Aktuelle søkarar

Kven som kan få tilskot til SMIL midlar går fram av til ei kvar tid gjeldande regelverk for ordninga, *jf. forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket*.

4.3 Aktuelle tiltak

Det kan søkast om tilskot til tiltak som tek vare på natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet, eller hindrar ureining frå landbruket. Aktuelle prosjekt må vere innanfor følgande seks tiltaksgrupper:

- Biologisk mangfold
- Kulturlandskapstiltak
- Utslepp til luft
- Avrenning til vatn (inkludert plantevern)
- Kulturminne/kulturmiljø
- Friluftsliv og tilgjengeleghet

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt gjeld planlegging av miljøtiltak som dekker større områder, og som fører fram til konkrete tiltak innanfor tiltaksgruppene som er nemnd ovanfor.

Meir informasjon om kvar tiltaksgruppe finn du på lenke [her](#), side 8-10.

4.4 Prioriteringar

Generelle verdiar for prioritering av tiltak:

- Miljøverdi
- Utløysande for tildeling av tilskot gjennom ordningane i regionalt miljøprogram
- Tiltak som følger opp vassforskrifta i regionale vassforvaltningsplanar
- Identitets- og symbolverdi
- Alder og autentisitet
- Estetikk
- Pedagogisk verdi
- Bruksverdi og tilgjenge

Prioritering av søknader til like tiltak:

- kvalitet på plan
- samarbeidstiltak
- ålmenn interesse
- geografisk fordeling
- førstegongssøkar

4.5 Søknad

Søknader skal sendast inn digitalt med innlogging via ID porten/Altinn: [Søknadsskjema](#)

Søknaden skal som eit minimum innehalde følgande:

- Omtale av tiltaket.
- Framdriftsplan
- Kostnadsoverslag
- Finansieringsplan
- Kart over driftseininga der det aktuelle tiltaket, kulturminne, erosjonsutsette areal og område med viktige miljøkvalitetar er avmerkt
- Fotografi og/eller teikningar
- Løyve frå grunneigar dersom tiltaket skjer på leigd landbrukseigedom
- Gjødslingsplan og journal over nytta plantevernmidlar

For eigeninnsats vert tilrådde satsar godkjende:

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag o.l.): 350 kr/time
- Bruk av traktor/gravemaskin: 800 kr/time

4.6 Søknadsfrist

Søknadsfristen er sett til 1. april og eventuelt 15. august, dersom det er ledige tilskotsmidlar etter første fordeling. Ordninga skal publiseras gjennom lokalavis og på heimesida til kommunen.

4.7 Tilskotssatsar av godkjend kostnadsoverslag

- | | |
|--|--------------|
| • Biologisk mangfald | inntil 100 % |
| • Kulturlandskapstiltak | inntil 70 % |
| • Utslepp luft | inntil 50 % |
| • Avrenning til vatn | inntil 50 % |
| • Kulturminne/kulturmiljø | inntil 50 % |
| • Friluftsliv og tilgjengeleighet | inntil 50 % |
| • Planlegging- og tilretteleggingstiltak | inntil 100 % |
-
- Tilskot til det einskilde tiltaket vil variere etter kvalitet, prioritering og tilhøve mellom disponible midlar og søknadsomfang.
 - Ved landskapsskjøtsel er kostnadstaket sett til inntil 3000 kr per daa, som inkluderer eventuelle kostnader med fjerning og oppsetting av nytt gjerde. Det skal settast vilkår om at gamle farlege gjerder skal fjernast frå tiltaksområde, og at arealet skal beitast etter ferdigstilling.
 - Til verneverdig bygg kan det maksimalt gjevast 100 000 kr per bygning.

5. TILSKOTSTRONG

5.1 Bruk av midlar i perioden 2020 – 2023

I perioden 2020 - 2023 har Sunnfjord kommune disponert ei ramme på 4 300 000 kr i SMIL midlar. Totalt er det søkt om tilskot til 122 prosjekt med godkjend tilskotsgrunnlag på om lag 11 500 000 kr.

5.2 Årleg tilskotstrong i perioden 2024 – 2027


Årleg tilskotstrong for tradisjonelle SMIL tiltak er stipulert med grunnlag i siste års erfaring, vedtekne tilskotssatsar og forventa aktivitet. Prisauke er ikkje inkludert i overslaget.

Tema	Tal søknader	Godkjend kostnad	Tilskotstrong
------	--------------	------------------	---------------






Kulturlandskap	36	1.400.000	980.000
Kulturminne	34	2.500.000	1.250.000
Oppleving/ferdsel	1	20.000	10.000
Landbruksureining	3	210.000	105.000
Sum	74	4.130.000	2.345.000



Del 2: Tilskot til tiltak i beiteområde

INNLEIING

Kommunen har avgjerdsmynde i forvaltning av tilskot til tiltak i beiteområde. Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i [Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder](#). I følge Rundskriv 2019-45 *Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder*, skal kommunen fastsetje lokale retningslinjer innanfor ramma av forskriften og rundskrivet. I retningslinjene skal det gå fram kva for tiltak som vil bli prioritert ut frå kva som er formålstenlege tiltak for utmarksbeitinga i kommunen. Retningslinjene kan og innehalde



timesatsar for eige arbeid og tilskotssatsar til ulike typar tiltak. Dei skal vere eit nyttig hjelpemiddel for søker og i kommunen si sakshandsaming.

2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING

Lokallaga av Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaget har hatt høve til å uttale seg. Vi har fastsett retningslinjer for 2024 – 2027.

3. MÅL OG UTFORDRINGER

3.1 Mål med ordninga

Føremålet med tilskotsordninga er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

3.2 Utmarksbeite i Sunnfjord kommune

Sunnfjord kommune med si langstrakte form, inneholder varierte naturtypar med fjordane i vest til breen i aust. Klimaet har klart oseaniske trekk med høg årsnedbør og nokså milde vintrar. Utmarksbeite i kommunen er variert, og omfattar alt frå fjordlandskap nær kysten til skogkledde lier, stølsdalar og fjellområde med alpine vegetasjonssoner i dei høgastliggende områda i indre strøk. Utmarka inneholder mykje element frå det gamle kulturlandskapet, der langvarig beiting og hausting har sett sitt preg på området, til dømes omkring stølane. Slike område representerer natur- og kulturhistoriske verdiar som er eit resultat av allsidig matvareproduksjon over lang tid, gjerne fleire tusen år. Utmarksbeitet har vore, og er framleis viktig for næring, busetnad og kulturlandskap. Store fôrverdiar vert henta i utmarka i form av beiting med husdyr, spesielt sau og geit, men og storfe.

3.3 Viktige utfordringar

- Tap av beitedyr i utmark.
- Beitedyr kjem ut av beiteområdet, kan komme ut i farlege område og stå i skårfeste.
- Færre beitedyr i utmark, og lengre mellom husdyrbruk i aktiv drift (færre bønder).
- Ein del tiltak som betrar beitebruken i utmark kan vere kostnadskrevjande.
- Samarbeid mellom husdyreigarar i beiteområda for å redusere tap av beitedyr.

4. RETNINGSLINJER OG PRIORITERINGAR

4.1 Vedtaksmynde

Den administrative fullmakta er delegert til einingsleiar for landbruk og miljø.

4.2 Aktuelle søkerar

Tilskot etter *forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder* kan gjevast til lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag, radiobjellelag), som er registrert i enhetsregisteret og driv næringsmessig beitedrift i utmark og set i verk investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde. Enkelpersonføretak med rett på produksjonstilskot kan søke, når det på grunn av naturgitte eller driftsmessige tilhøve ikkje ligg til rette for samarbeid.

4.3 Aktuelle tiltak

Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremjar beiting i eit område, men i hovudsak skal tiltaka vere stasjonære og ha eit visst omfang. Mindre kostnadskrevjande tiltak og lett omsettelege varer vert ikkje støtta.

Døme på aktuelle tiltak:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerde for å sikre at dyr ikkje kjem inn i farleg område
- Gjetarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakingsutstyr (e-bjøller)
- Beitebruksplan
- Elektronisk gjerde

4.4 Prioriteringar

Kommunen vil prioritere følgjande tiltak:

- Elektronisk overvakingsutstyr (e-bjøller)
- Faste installasjonar
- Beitebruksplan

Andre moment for prioritering av søknader til like tiltak:

- kvalitet på plan og søknad
- geografisk fordeling

4.5 Søknad

Søknader sendast helst inn digitalt med innlogging via ID porten/Altinn: [Søknadsskjema](#)

Søknaden skal som eit minimum innehalde følgjande:

- Omtale av tiltaket.
- Føremålet med tiltaket.
- Kostnadsoverslag.
- Finansieringsplan.
- Naudsynte vedlegg, som til dømes:
 - kart der tiltak er teikna inn, dersom søknaden gjeld fast installasjon
 - avtale og/eller løyve frå grunneigar(ar)
 - skildring/skisse av tiltak
 - plan for beitebruk i området, dersom finst (beitebruksplan)
 - uttale frå villreinnemnda for Sogn og Fjordane

For eigeninnsats vert tilrådde satsar godkjende:

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag o.l.) : 350 kr/time
- Bruk av eigen traktor/gravemaskin: 800 kr/time

4.6 Søknadsfrist

Søknadsfristen er sett til 1. mars, og eventuelt ein seinare frist 1. september dersom det er ledige tilskotsmidlar att etter første fordeling Ordninga skal publiseraast på heimesida til kommunen og gjennom e-postadresser til sanke- og beitelag. i kommunen.

4.7 Tilskotssatsar av godkjend kostnadsoverslag

I forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder, er følgjande tilskotssatsar fastsett:

Investeringstiltak:	inntil 50 %
Elektronisk overvakingsutstyr	inntil 70 % *
Planleggings-/og tilretteleggingstiltak:	inntil 70 %

*Dette gjeld for inntil 50% av vaksne dyr i beitelaget/besetninga

Innanfor ramma av det forskrifa tillet, vert tilskotssatsen tilpassa søknadsmengda i det aktuelle året. Kommunen legg opp til å gje minimum 30% av godkjent kostnadsoverslag i støtte (med unntak av gjeterhytter).

5. TILSKOTSTRONG

5.1 Bruk av midlar 2021 - 2023

I perioden 2021 - 2023 innvilga vi tilskot til 28 prosjekt fordelt på 17 beitelag. Midlane vart brukt om lag slik:

Tema	Tal søker	Godkjend kostnad	Tilskot
Elektronisk overvaking	25	1 650 000	618 000
Sanke-/skiljekvie	1	28 300	14 200
Sperregjerde	1	119 000	43 200
Bruer	1	58 200	19 800
Sum	28	1 855 500	695 200

5.2 Årleg tilskotstrong i perioden 2024 – 2027

Årleg tilskotstrong for tilskot til tiltak i beiteområde er stipulert ut frå erfaring frå søknadsomgangen 2021 - 2023, tal beite-/sankelag i kommunen og forventa aktivitet. I perioden 2021 - 2023 var det 17 beite-/sankelag i Sunnfjord kommune som søkte om driftstilskot til organisert beitebruk. I følgje søkerane slepte medlemmane til saman 36 456 sauar og lam, 528 geiter og 4 564 storfē i utmark. Dette blir til saman 41 548 beitedyr. Vi reknar med at det kan bli trøng for om lag 250 000 kroner i tilskot årleg til investeringar knytt til beitebruken i utmark.

